

# Kraftpolitiske utfordringar for Åslaug Haga

*Lesar brev i BT 6.3.08*

*På Vestlandet er tre store kraftlinje- prosjekt til konsesjonshandsaming hjå NVE. Sima- Samnanger i Hardanger, Fardal- Ørskog på Nordvestlandet og sist Mongstad- Kollsnes. Politikken som styrer konsesjonsbehandlinga er forelda, og treng fornying med bakgrunn i teknologi, forbruksmønster og klimatilpassing.*

*Når store kraftlinjer skal byggast, er det industrien og kraftprodusentane sine interesser som vert vektlagde.*

Debatten rundt planane til Statnett sine prosjekt i Midt-Noreg og Hardanger var ein del av pressebiletet i 2007.

Då tungindustrien etablerte seg på Vestlandet, måtte det skje der krafta kunne produserast. Først på 50 og 60 talet kom sentralnettet, som knytte landsdelane saman som ein forbrukar. I dag opplever me ein avindustrialisering i fjordane på Vestlandet, og den nye kraftkrevjande industrien etablerer seg der andre rammevilkår er på plass. Krafttilgangen er eit problem andre må løysa, altså Staten og Statnett.

Det beste døme på denne passive haldninga fekk me i Midt-Noreg, då OED gav Hydro grønt lys for samlokaliseringa av nytt aluminiumsverk i Sunndalsøra. At verket trong 5,5 TWh i 2009 (som er lik Bergens forbruk i 2005), var ikkje eit tema, sjølv om åtvaringane var tydelege. Resultatet i dag er eit Midt-Noreg i kraftkrise med eit potensielt kraftunderskot på 9 TWh og ei planlagt 420kV kraftlinje som eit sår i landskapet.

Skal regjeringa forny politikken må ho sjå framover. Tida og utviklinga har sprunge i frå små summar til lokale næringsfond. Når Troll- utbygginga vest for Bergen genererer eit kraftbehov like stort som for Bergen by, og linja skal gå i transitt gjennom Hardanger, må Statnett og NVE forventast eit massivt miljøengasjement.

Dei 10 største kraftselskapa, har frå 2000- 2005 hatt kr. 160 mrd i overskot. Ein del av desse veksande summar bør kanaliseras tilbake til kommunane, t.d. ved meir bruk av kabel på høgare spenningsnivå. Ein revurdering av sentralnettpolitikken bør også innehalde ein gjennomgang av kostnadsfordelinga. Sentralnettpolitikken i dag favoriserar kraftprodusentar og oljeindustri.

NVE opererer etter eit regelverk som favoriserer industri og kraftprodusentar. Regelverket gjer det vanskeleg å påleggja Statnett bruk av moderne kabelteknologi. Sidan 90- talet har NVE utvikla modellar som kalkulerer ”kostnaden ved ikkje levert energi” (KILE kostnaden); desse er i dag ein av berejlkane i NVE sitt arbeid med nettinvesteringar. Derimot har me ikkje modellar som viser verdien av naturen i næringslivssamanheng. Dette vert og konsekvent avvist som argument i konsesjonshandsaminga. Statnett sine planar i Setesdalen, Hardanger, Nordhordland og i Sogn og Nordfjord vil alle redusere internasjonal verdifull natur.

Samordninga av kraftlinjebygging med annan viktig infrastruktur er eit område NVE burde ha kompetanse på. Mongstad-Kollsnes er eit døme der ulike samfunnsnyttige infrastrukturar burde knytast opp til BKK sin kraftlinjesøknad. Meirkostnaden bør sjølvsagt fordelast, men slik konsesjonshandsaminga fungerer i dag, er det mest tabu å gå inn i diskusjonar rundt dette.

Vegsektoren i Noreg har lenge hatt omfattande samarbeid med kommunar og andre partar om ny infrastruktur. Me ynskjer tilsvarande kreativ haldning hjå NVE og Statnett. Ein revurdering av sentralnettpolitikken bør også innehalde ein gjennomgang av kostnadsfordelinga. Sentralnettpolitikken i dag favoriserar kraftprodusentar og oljeindustri.

I motsetnad til den gamle industrisatsinga i fjordane, vil mange av desse nye kraftlinjene forsyna ein industri med ei kort levetid. Etter 2023 stagnerer produksjonen av gass og olje ved Troll, og me veit at Hydro alltid er på leit etter betre rammevilkår for aluminium produksjon.

Luftspenna og infrastrukturen til kraftproduksjonen vil stå igjen i generasjonar og for mange distrikt vera ein varig belastning.

### **Følgjande ordførarar støtter dette:**

- Hardanger** : Jan Ivar Røddland (AP) Granvin herad  
Mona Hellesnes (V) Ulvik herad  
Astrid Selsvold (AP) Kvam herad  
Sigrid B Handegard, (SP) Jondal
- Nordhordland** : Olav Martin Vik, (Tverpolitisk) Øygarden  
Ole Lysø, (AP) Austrheim  
Astrid Aarhus Byrknes, (KrF) Lindås  
Jon Askeland, (SP) Radøy.
- Setesdalen** : Bjørgulv Sverdrup Lund (H) Valle kommune  
Kay Arne Jeiskelid, (H) Bykle kommune  
Bjørn Alfred Ropstad (KrF) Evje og Hornes kommune  
Knut A Austad (SP) Bygland kommune
- Nordfjord og Sunnmøre** : Bjørn Lødemel, (H) Horindal kommune  
Frank Sve, (FrP) Stranda kommune  
Charles Tøsse, (H) Stordal kommune  
Torbjørn Fylling, (FrP) Ørskog kommune  
Sonja Edvardsen, (AP) Eid kommune  
Jan Kåre Aurdal, (KrF) Sykkylven kommune